

1. VISJON, MÅL OG RETNING FOR ØNSKA UTVIKLING	1
Visjon	1
Overordna mål	1
Tryggleiks- og beredskapsarbeidet	1
Prioriterte satsingsområde	1
Retning for ønska utvikling	2
Universell utforming	2
2. PLANGRUNNLAG OG PLANFØRESETNADAR	2
Lovheimel	2
Føringar og retningsliner for planarbeidet	2
LA-21	3
Planprosessen	3
Nasjonale og lokale utviklingstrekk	4
Granvin i dag og mot år 2020	4
Kommunal økonomi	6
3. BARN OG UNGDOM (kostra 231, 383, 385)	7
Allsidige kultur- og fritidsaktivitetar	7
Informasjon og kommunikasjon	7
Reell medverknad frå ungdomane	8
4. FYSISK MILJØ (kostra 300, 310, 325, 335)	8
Bustad i eit attraktivt bumiljø	8
Sentrum, inkl grøntareal	9
Hyttebygging og camping	9
5. KULTURBASERT NÆRING (kostra 325)	10
Næring i Granvin	10
Nyskaping	11
Kultur og næring	11
Infrastruktur	11
Betre kommunikasjonsløysingar	11
Samferdsle	11
Informasjons- og kommunikasjonsteknologi, IKT	12
Konkurransedyktige lokalsamfunn	12
6. SAMARBEID (kostra 100, 120)	12
Samarbeid om velferdstenestene	13
VEDLEGG	14
Planar etter plan- og bygningslova:	14
Andre planar/rapportar:	14

1. VISJON, MÅL OG RETNING FOR ØNSKA UTVIKLING

Visjon

Trivselsbygda Granvin

Granvin har mange kvalitetar som gjer bygda til ein god plass å vera. Særskild i høve til natur og kultur finn me kvalitetar og tradisjonar som kan spelast på og vidareutviklast.

Overordna mål

Skapa trivsel og livskvalitet for å gjera Granvin attraktiv for innbyggjarar og næringsliv

Trivsel og livskvalitet har m.a med forholdet mellom menneske, aktivitetar og attraktiv og trygg buplass å gjera. Det er viktig å leggja til rette for universell utforming og setja fokus på tryggleiken i samfunnet når me skal vidareutvikla ei aktiv bygd som lever og fungerer.

Tryggleiks- og beredskapsarbeidet.

Granvin herad skal utarbeida eigne skjema/sjekklistar som skal nyttast ved all planlegging. Kommunen skal gjennomføra ROS-analysar i løpet av 2005 og beredskapsplan for Granvin skal reviderast i 2005.

Kompetanse innan dette feltet er særskilt viktig og kommunen vil sørgje for nødvendig opplæring av kommunal kriseleiing og beredskapsråd i løpet av ein periode på 5 år. Granvin herad har utarbeidd ein god trafikksikringsplan der målsetjinga er å følgje opp tiltak i planen.

Prioriterte satsingsområde

For å nå visjon og mål ynskjer Granvin herad å prioritera og setja fokus på fire hovudområde:

- Ungdom
- Fysisk miljø
- Kulturbasert næring
- Samarbeid

Viktig for desse tre områda vert:

- Tilrettelegging for stadutvikling
- Tilrettelegging for næringsutvikling
- Utvikla eit konkurransedyktig bustadtilbod og kommunalt tenestenivå

Retning for ønska utvikling

Ut frå visjon, mål og satsingsområde ynskjer me:

Ei bygd som lever og fungerer på ein slik måte at den motiverer ungdom til å bli verande, koma attende og verta gammal i Granvin.

For Granvin vil arbeidsmarknaden i regionen vere særskild viktig. Granvin herad vil difor leggje til rette for ein positiv regional utvikling. Granvin herad vil arbeide for å styrkja Voss som regionsenter.

Granvin herad vil vere ein offensiv kommune og har som målsetting å utvikle heilskaplege og langsiktige strategiar for kommunesamfunnet. Dette med sikte på å vere i førkant av problem som kan oppstå ved strukturendringar i befolkning og næringsliv m.m..

Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal innarbeidast i alle kommunale planar.

Universell utforming er tilgjenge for alle uavhengig av alder, funksjonstap m.m. I omgrepet ligg at utforming av bygningar, omgjevnadar og produkt skal gjerast på ein slik måte at det i så stort omfang som råd kan nyttast av alle menneske utan spesialtilpassingar.

2. PLANGRUNNLAG OG PLANFØRESETNADAR

Lovheimel

I plan- og bygningslova § 20-1 er det sett krav til kommunane om utarbeiding av kommuneplan.

”Kommunen skal utføre en løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklingen innenfor sine områder”.

Minst ein gong kvar valperiode skal det takast ei samla vurdering av kommuneplanen og eventuelt gjennomføra ei rullering. Kommuneplanen sin langsiktige del, som består av ein samfunnsdel og ein arealdel, skal ha eit perspektiv på 10-15 år.

Kommuneplanen er det mest overordna styringsverktøyet kommunane har, og legg grunnlaget og rammene for all anna aktivitet i kommunen

Kommuneplanen sin kortsiktige del, som består av ein økonomiplan og handlingsprogram, har eit perspektiv på 4 år og skal rullerast kvart år. Den kortsiktige delen skal bygga på den langsiktige delen og danna grunnlag for årsbudsjettet.

Målet med kommuneplanarbeidet er å få ein samfunnsdel som skal følgjast på lik line med den juridisk bindande arealdelen. Kommuneplanen gjev grunnlaget og rammer for all anna planlegging og aktivitet i heradet.

Føringar og retningsliner for planarbeidet

Vesentlege dokument i planarbeidet:

- Plan- og bygningslova
- St.meld 29 (96-97) om regional planlegging og arealpolitikk
- St.meld 58 (96-97) om miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling

- ❑ Rundskriv T-2/98B om nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanlegginga
- ❑ Rundskriv T-5/93 om rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
- ❑ Rundskriv T-4/98 om rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- ❑ Rundskriv T 1078 og T 1082 om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (94)
- ❑ Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland (2001-2004)
- ❑ St.prop nr 8 (92-93) om landbruk i utvikling
- ❑ Bærekraftig arealforvaltning av landbruksareala i Hordaland (1998)
- ❑ St.meld 19 (99-00) Landbruksmeldinga
- ❑ Rundskriv T-2/98 (MD) Nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanlegginga
- ❑ Kommunale planar for beredskap
- ❑ ROS-analyser
- ❑ Kommunedelplan for trafikkisikring
- ❑ Byggjeskikk i Granvin og Ulvik, 2001
- ❑ Gjeldande reguleringsplanar
- ❑ Fylkesplan for Hordaland 2001-2004
- ❑ Fylkesdelplan for idrett og friluftsliv 2002-2005
- ❑ Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland
- ❑ Fylkesdelplan kulturminne 1998-2010
- ❑ Strategisk næringsplan for Hordaland 2000-2003
- ❑ Fylkesstatistikk
- ❑ Kostra

LA-21

Kommuneplanen skal seie noko om retninga for ønska utvikling i kommunen dei næraste 10-15 åra. Dette peiker på dei områda me ønskjer satsa på frametter. I vår ønska retning ligg det prinsipp for ei berekraftig utvikling, så vel sosialt som økologisk. Det å koma i møte dei behova ein har i dag utan å øydelegga for moglegheitene til at generasjonane etter oss skal få dekkja sine behov.

Prinsipp:

- ❑ Langsiktigheit
- ❑ Heilskap
- ❑ Tverrfagleg tenking
- ❑ Medverknad
- ❑ Kunnskap om samspelet i naturen

Planprosessen

I samband med *Betringsprosjekt 2001* kom det fram at visjon, overordna mål og retning for ønska utvikling i Granvin var dårleg forankra. Styringsgruppa for prosjektet kom så med ei tinging om å arbeida vidare med dette temaet, og at dette vart starten på kommuneplanarbeidet. Resultata som kom fram gjennom betringsprosjektet vart lagt til grunn og gav visse føringar for arbeidet. Det vart sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe. 18. oktober 2001 i heradsstyresak 39/01 var saka om retning for ønska utvikling, visjon og mål oppe til politisk handsaming. Etter dette har den same gruppa arbeidd vidare med kommuneplanen der det har vore særleg viktig å få medverknad frå private aktørar i marknaden ut frå dei områda heradsstyret i sak 39/01 gjekk inn for å prioritera/satsa på. Det vart gjennomført spørjeundersøkingar og klassar på skulen arbeidd godt med tema og kom med mange og gode innspel. I 2003 vart det tilsett ein ungdomsmedarbeidar i prosjekt. Ho har, ut frå dei

erfaringane og undersøkingane ho har gjort blant ungdomen, kome med innspel til planarbeidet. Dette fell godt overeins med dei resultatane me har frå før. I 2003 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av innbyggjarane sitt syn på heradet og tenestene heradet leverer. Rapporten frå forvaltningsrevisjonen ligg og til grunn for kommuneplanen.

Nasjonale og lokale utviklingstrekk

Den nasjonale utviklinga går stadig i retning av sterkare globalisering, og me følgjer i større grad utviklinga som verda elles. Dette gjeld både økonomi, politikk og kultur, med eit fleirkulturelt samfunn som resultat.

Lokaldemokratiet er i fare. Befolkninga støttar i mindre og mindre grad opp om vala, og deltakinga er lågast ved kommunevala. Lokalpolitikarar er opptekne av at dei ikkje har handlingsrom, men i sterkare og sterkare grad fungerer som utøvarar av statleg politikk. Ein "robust kommune" må sikra at me også i framtida har eit levende og godt fungerande lokaldemokrati. Me må sikra at tenestene våre har ein kvalitet og standard som sikrar innbyggjarane sine behov og rettstryggleik.


Når det gjeld tenesteproduksjonen ser vi ei utvikling mot sterkare rettar til brukarane av tenestene. Befolkningsutviklinga gjev færre hender i arbeid. Kommuneøkonomien er stram og mange kommunar slit for å oppretthalda ein akseptabel tenesteproduksjon. Me veit at me som innbyggjarar og brukarar av kommunale tenester vil verta meir kravstore i takt med større velferd og høgare utdanning. Den teknologiske utviklinga vil høgst sannsynleg halda fram i høgt tempo og vera med å skapa noko nytt, men vil også gje nye utfordringar for kommunesektoren. Dei tilsette i kommunane stiller andre krav til arbeidsgjevar i dag enn tidlegare. Krava vil også endra seg fram i tid. Det må leggjast til rette for gode fagmiljø som sikrar utvikling for den enkelte og kvalitet i tenesteproduksjonen.

Granvin i dag og mot år 2020

Granvin er ein liten kommune med 1008 innbyggjarar pr 2005. Kommunen består av eit totalareal på 212 km². Drygt halvparten av dette ligg over 600 moh. Granvin er prega av at landbruket er ein av hovudnæringane i bygda. Kommunen har milde vintre, men klima varierer noko alt etter om ein er nede ved fjorden eller om ein tek turen opp til ein av fleire fjellgardar som finst her. I Granvin har me størst sysselsetting innan offentleg tenesteyting, med sysselsetting innan industri som nr 2. Sysselsettinga i industrien er i hovudsak knytt til Granvin Bruk AS og Gilde Vest. Desse to verksemdene er nært knytt opp til og avhengige av primærnæringane, både i høve husdyrproduksjon og produksjon av skog. Sysselsettinga innan jordbruk, skogbruk og fiske var i 2003 39 personar. Dette er sett etter bustad.

Kommuneplanen er eit viktig reiskap for å styre utviklinga i primærnæringa og dei næringane som er knytt opp mot jordbruk og skogbruk. Det er difor lag inn føringar som opnar for nye inntektsskilder som t.d. bygging av småkraftverk og småskala næringsutvikling på landbrukseiendommar.

**Folkemengde,
etter alder og region.
Personer, 2005.**



Kilde: SSB 2005

Folketalsframskriving 01.01.2005-2020

		0-9 år	10-19 år	20-29 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60-69 år	70-79 år	80-89 år	90 år og eldre
2005	1231 Ullensvang	396	438	426	432	431	481	386	245	220	46
	1232 Eidfjord	108	160	98	122	137	116	93	75	48	15
	1233 Ulvik	137	171	129	153	145	174	124	88	77	18
	1234 Granvin	112	161	145	112	128	145	105	70	59	23
	1235 Voss	1695	1856	1560	1679	1902	1803	1268	1123	737	151
2010	1231 Ullensvang	339	439	447	372	426	442	424	294	163	53
	1232 Eidfjord	114	145	128	110	141	134	104	67	46	12
	1233 Ulvik	142	162	161	127	156	158	157	76	70	17
	1234 Granvin	119	148	163	113	123	144	121	69	49	17
	1235 Voss	1639	1867	1619	1549	1779	1882	1517	1072	726	159
2015	1231 Ullensvang	330	394	433	379	412	422	453	324	148	53
	1232 Eidfjord	132	126	154	110	130	139	108	75	41	12
	1233 Ulvik	143	153	181	136	158	147	164	104	47	19
	1234 Granvin	122	136	167	138	120	130	141	87	38	14
	1235 Voss	1602	1812	1719	1456	1740	1893	1723	1081	672	187
2020	1231 Ullensvang	337	349	432	404	368	423	423	362	185	42
	1232 Eidfjord	144	127	145	128	118	141	128	87	41	9
	1233 Ulvik	158	154	169	157	139	155	153	135	47	17
	1234 Granvin	136	141	148	149	122	129	138	101	43	14
	1235 Voss	1618	1757	1748	1502	1613	1795	1808	1316	668	185

Kilde: SSB 2005

Framskrive etter tid, region, statistikkvariabel og alder. Alternativet er for låg mobilitet under føresetnad om middels fruktbarheit og levealder, låg innanlands mobilitet og middels netto innvandring.

Kommunal økonomi

Gjeld

Granvin herad hadde pr. 31.12.04 kr. 45,8 mill.kr. i lånegjeld, eller ca 77 % av brutto driftsinntekter. Dette er svært høgt, og heradet har sidan byrjinga av 90 talet vore mellom dei kommunane i landet som har hatt høgaste lånegjeld i høve til brutto driftsinntekter.

Investeringar.

Heradet har som målsetting å redusera lånegjelda. For å få til dette må ein låne mindre kvart år enn dei ca 3 mill. kr. ein i dag betaler i årlege avdrag. I tillegg har heradet intensjon om å klara 50% eigenfinansiering av investeringsbudsjettet.

Drift:

Driftsbudsjettet for 2005 fordeler seg slik:

<i>Netto driftsutgift pr. ansvarsområde</i>	
Rådmannen	1 074 000,00
Stab/støtte/servicetorg/pol.sekr.	5 630 000,00
Tueteigen Barnehage	1 052 000,00
Granvin Barne- og Ungdomsskule	10 947 000,00
Helse og sosial	4 822 000,00
Pleie og omsorg	10 290 100,00
Kultur	1 182 200,00
Landbruk	542 000,00
Teknisk drift og anlegg	4 385 000,00
Sum basis driftsutgifter	39 924 100,00

Det er heller ikkje i åra frametter rom for å auka driftsutgiftene til heradet. Med stadige krav frå staten om effektivisering av kommunal sektor kan ein heller frykta reduserte overføringar dei komande åra. Når ein veit at krav og forventningar til offentlege tenester stadig vert større, vil budsjettrammene i planperioden verta oppfatta som stramme og altfor låge i høve til behovet. Granvin herad skal likevel vere ein offensiv kommune ved å arbeide for eit utstrakt interkommunalt samarbeid på områder der kommunen er sårbar og lite robust. Kommunen har ein samarbeidsstrategi mot Voss kommune for å styrke Voss som regionsenter, og sikre kvalitet og leveringsdugeleik på mindre robuste tenester i Granvin. Granvin herad vil arbeide for å framleis vere eigen kommune.

3. BARN OG UNGDOM (kostra 231, 383, 385)

Barn og unge skal vera ein ressurs for utvikling, nyskaping og vidareførar av tradisjon og kultur.

Granvin herad forpliktar seg til å høyre på dei unge og ta dei med på råd i framtidige vegval for kommunen.

For å skapa trivsel og livskvalitet i dei ulike livsfasane vil Granvin herad leggja til rette for at dei unge kan få positive erfaringar og opplevingar. Dei skal seinare kunna sjå attende til eigen barndom/ungdomsår og ønskje seg tilbake. Målet er at fleire vil busetja seg i Granvin og la eigne born veksa opp her.

Tradisjonelle aktivitetar knytt til lag og organisasjonar er ikkje så fengande som det var før. Granvin herad vil leggje til rette for at lag og organisasjonar kan skapa aktivitet for dei unge og at ungdomen sjølve engasjerar seg og tek eit aktivt medansvar.

Det er særskild 5 område som har peika seg ut som viktige faktorar for trivsel og livskvalitet, og som kan ha potensiale for utvikling:

- Kulturskulen
- Ungdomen sitt eige samlingslokale som er eigna til ulike føremål
- Areal/lokale eigna for motorsportsaktivitet
- Kunstgrasbane
- Arbeidsmarknaden

For å få til Granvin herad prioritera følgjande:

Allsidige kultur- og fritidsaktivitetar.

Kulturskulen er eit viktig fritidstilbod til born og unge. I tillegg er det andre aktive lag og organisasjonar som betyr mykje for det tilbodet ungdomen har i dag.

Planar for kultur- og idrett og kulturskulen er eit godt reiskap for sikra at alle grupper får høve til å delta på fritidsaktivitetar. Eit sterkt ønskje frå dei unge i dag er at Granvin herad, gjennom arbeidet med arealdelen av kommuneplanen og anna arbeid/aktivitet, freista å finna eigna areal/lokale for motorsportsaktivitet. Ei anna målsetting er å få bygd ein kunstgrasbane. Dette er ønskjeleg å få dette til i fyrste del av planperioden

Mobilitet er eit "must" for dei unge og skal kommunen sikra nærleik til sentrale tilbod som regionsenteret Voss kan tilby må kommunen arbeida for eit utvida kollektivtransporttilbod. Voss vil og vere knutepunktet for dei unge til å nå Bergen med sine utvida tilbod og moglegheita til eit hovudstadsbesøk i ny og ned. Føler ungdomen denne nærleiken til eit utvida tilbod for kultur og møtestader vil trivselen auka.

Informasjon og kommunikasjon.

Dei unge elskar å kommunisere gjennom e-post og ulike snakkeprogram på internett. Bruk av internett er uunnverleg for dei unge og det aukar både kompetansen i lokalsamfunnet og gjev høgare trivsel. I denne samanheng er det særskilt viktig at Granvin herad legg til rette for/arbeider mot eit godt utbygd breibandstilbod til alle innbyggerane i kommunen. Samtidig må ein leggje til rette for at skulen i Granvin får moglegheit til å gjennomføra kompetanseheving blant det pedagogiske personalet.

Reell medverknad frå ungdomane.

Det er etablert ungdomsråd i Granvin, og kulturkonsulenten i kommunen fungerer som sekretær for dei, samt at ordføraren er direkte kontaktperson for ungdommane.

Granvin herad vil gjere sitt til at samarbeidet med ungdomsrådet vert sikra vidare.

Ungdomsrådet skal vere høyringspart i planarbeid. Gjennom desse høyringane skal unge få gje til kjenne sine ulike vurderingar og forslag.

Vidare er kulturforum for lag/organisasjonar og kulturpersonar etablert. Gjennom desse arenaene er det mogeleg å halde på den gode dialogen. Granvin herad vil etablera fast ”møteplass” mellom ungdomen og Granvin herad.

4. FYSISK MILJØ (kostra 300, 310, 325, 335)

Granvin skal vera ein attraktiv plass å bu.

Ved tilrettelegginga av det fysiske miljø er det viktig å skapa utvikling i bygda som skal leva og fungera samstundes som ein tek vare på det tradisjonelle og særleine ved Granvin. Dette er faktisk er med på å få folk til å velja denne bygda som buplass. Tryggleiken er her vesentleg.

Ved planlegging av det fysiske miljøet ynskjer Granvin å ta vare på område med gode kvalitetar for oppleving, læring og aktivitet for å støtta opp om og utvikle trivselsbygda. Dei naturgjevne føresetnadane i Granvin med trong fjord og bratte fjell gjer det mange stader vanskeleg å byggja utan å koma i konflikt med plan- og bygningslova sin regel om byggefri 100-meters beltet langs sjø. Mange av dei etablerte grendene ligg innafør dette beltet. Skal me ha ei utvikling i Granvin og grendene lyt me opna opp for aktivitet i dette beltet på einskilde stader. Dette vil Granvin herad styra gjennom eiga planverktøy.

Bustad i eit attraktivt bumiljø

I 2003 arbeidde ein politisk komité med tema bustadareal i Granvin. Dei prioriterte ein del område der dei m.a la vekt på tryggleiken, det å kunne nytta eksisterande infrastruktur, og nærleiken til barnehage/skule og sentrumsfunksjonar. Gjennom møte og samtaler med grendalag/grendekontaktar i Granvin kom det fram at det og er ynskjeleg med spreidd bustadbygging i kommunen. Komiteen la vekt på dette. Det vert lagt opp til ulik grad av storleiken på tomter avhengig av om tomtearealet er sentrumsnært eller det er spreidd bustadareal. Reguleringsplan for Eide sentrum er utarbeidd og godkjent. Detaljplan for andre område er under utarbeiding. Dei prioriterte områda er Eide sentrum, Gamle jernbanetraseen frå Kjerlandsvegen til ungdomshuset Trudvang ved rv 7, utviding av bustadfelt på Øvsthus, området Furenes, austsida av rv 7 frå Granvin kyrkje til Hausnes. Med desse områda og noko spreidd bustadbygging vil trongen for bustadareal i planperioden verta dekkja. Granvin herad ynskjer legga til rette for bruk av alternative fornybare energikjelder ved planlegging og utbygging.

Ved all planlegging og utbygging skal retningsliner og rettleiar for byggeskikk i Granvin leggest til grunn. Granvin herad vil sørge for at risiko og utryggleik vert vurdert i all planlegging og utbygging der m.a kommunedelplan for trafikksikring er eit vesentleg grunnlagsdokument.

Granvin herad skal legga til rette for varierte bustadtilbod, jfr resultat av arbeidet i komité for bustadareal i Granvin og heradsstyrevedtak i sak 28/03 som seier:

Heradsstyret vil dei næraste 10 – 15 åra prioritera følgjande areal til bustadføremål:

1. Eide
2. Gamle jernbanetraseen mellom Kjerlandsvegen og Trudvang (Nedre Kjerland)
3. Øvsthus (utviding)
4. Område Furenes
5. Frå kyrkja til Hausnes

Prioriteringane vert førande for vidare arbeid med bustadareal i kommuneplan og reguleringsplanar.

Ei ny vurdering på utnytting av Kjerlandshagane må føretakast dersom trongen for ledig areal vert stort.

Det er ynskje om vurdering av områda kring Skielva for vidare utbygging til bustadføremål. Sikring av elva er ein føresetnad.

Sentrum, inkl grøntareal.

I reguleringsplanen for Eide er grøntareal og eit attraktivt sentrum sett i fokus. Det vert lagt vekt på at uteareala skal vera gode møteplassar og funksjonelle for alle uavhengig av individuelle behov. Me har gjennomført vidare detaljplanlegging av miljøprioritert gjennomkøyring på rv 7 gjennom Granvin sentrum, der det vert lagt vekt på estetikk og trafikktryggleik. Bygging vert sett i gang sommaren 2005 og er planlagt ferdig innan utgangen av august.

Hyttebygging og camping.

Granvin herad legg vekt på trivsel i kommunen. Det å kunna utøva friluftaktivitetar er for mange trivselsskapande. Granvin har rike moglegheiter for friluftsliv, og ynskjer leggja til rette for hyttebygging og camping i kommunen slik at innbyggjarar og tilreisande kan få høve til å opphalda seg i desse områda over ei viss tid. Hyttebygging/camping er arealkrevjande, og føresetnaden for å leggja opp til bygging er at det vert teke omsyn til beitebruk og naturgjevne føresetnader som stølsmiljø, kulturlandskap og det biologiske mangfaldet, viltet, trafikktryggleik, estetikk m.m. Ved evt bygging langs sjø og vassdrag skal allmenta sin tilkomst og tilgjenge til stranda sikrast slik at denne vert til felles nytte og glede både for fastbuande og tilreisande. Det er og viktig at det vert teke omsyn til eksisterande vegar og stiar som vert nytta i samband med friluftaktivitetar. I fjellet vert det i utgangspunktet ikkje tillete bygging over skoggrensa. For å sikra alle interesser ved planlegging og utbygging vil Granvin herad i arealdelen utarbeida retningsliner for hyttebygging og camping, og setja krav om utarbeiding av reguleringsplanar. I område der det er opna opp for spreidd hyttebygging må tal hytter visast på plankartet .

5. KULTURBASERT NÆRING (kostra 325)

Granvin vil vere ivaretakande overfor eksisterande næringsliv, legge til rette for nyskaping og etablering av arbeidsplassar

Næring i Granvin

Offentleg tenesteyting er den største næringsvegen i Granvin. I tillegg er mange sysselsette innan industri og bygg og anlegg. Sysselsetting innan landbruket har dei seinare åra hatt ei negativ utvikling. I Granvin har i dag om lag 12 % næringsvegen sin innan landbruket, dei fleste på deltid. Industrien er tufta på landbruksproduksjon. Det er ei stor utfordring for Granvin å halda på eit aktivt landbruk og leggja til rette for nye arbeidsplassar.

Sysselsette pr 4. kvartal 2003

		2000	2001	2002	2003
		Sysselsette pers etter boste	Sysselsette pers etter boste	Sysselsette pers etter boste	Sysselsette pers etter boste
1234 Granvin	01-05 Jordbruk, skogbruk og fiske	53	43	38	39
	50-74 Tjenesteytende næringer	152	134	146	144
	75 Off.adm. og forsvar, sosialforsi	27	27	25	22
	80 Undervisning	32	34	41	35
	85 Helse- og sosialtjenester	90	100	98	110

Kilde: SSB 2005

Behov for betra kommunikasjonar

Granvin står overfor utfordringar når det gjeld kommunikasjon, både relatert til klassisk samferdsle og til meir moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Dagens infrastruktur gjer at vi ikkje nyttar fullt ut det potensialet vi har når det gjeld verdiskaping.

Behov for meir konkurransedyktige lokalsamfunn

I »kampen om arbeidskrafta» er det naudsynt at det offentlege også medverkar til vidare utvikling av konkurransedyktige lokalsamfunn – det vil seie plassar der bedriftene ønskjer å lokalisere bedrifta si, arbeidstakarane ønskjer å bu, og ungdom ønskjer å etablere seg.

Granvin treng ein offentleg infrastruktur som høver til utviklinga i privat sektor. Ansvar for omstilling og nyskaping for å styrke langsiktig lønsemd ligg alltid på leiinga i bedriftene.

Tre hovudgrep

Utfordringane og målet krev tre hovudgrep:

1. Stimulere til nyskaping i bedriftene
2. Ta vare på kulturlandskapet
3. Betre infrastrukturen som støtter bedriftene sitt nyskappingsarbeid

Dette krev at kommunen og private aktørar samarbeider for å påverke avgjerder knytt til bedriftene sine rammevilkår. Granvin herad meiner det er viktig å styrke samspelet med

Voss. Med sitt tunge kompetansemiljø og marknad kan regionsenteret Voss verke som ein motor for dei omliggande kommunane.

Nyskaping

Knoppskyting av ny verksemd frå eksisterande bedrifter kan kanskje utløyse det største potensialet. Granvin herad set fokus på ressursane som ein finn i landbrukseigedomane, og ynskjer å legge til rette for auka nytting av desse ressursane (vassressursar inkl kraftproduksjon, havbruk, skog og utmark, handverk, lokal foredling av råvarer etc) og få fram gode og kreative tankar og idear.

Granvinsvassdraget er eit verna vassdrag og gjev såleis særskilde utfordringar i høve det å nytta ressursar knytt til vassdraget, då særleg småkraftutbygging. Granvin herad meiner det er viktig å verna om hovudstrengen i vassdraget slik at denne ikkje vert råka av slike tiltak. For sidevassdraga derimot er det ynskjeleg å opna opp og leggja til rette for utvikling i samsvar med nasjonale føringar. Desse utfordringane vil Granvin herad møte ved å utarbeida ein tematisk kommunedelplan for småkraftutbygging.

Kultur og næring

Kartlegginga av biologisk mangfald i Granvin viser og at bygda vår er spesiell med mykje og variert kulturlandskap. Det er særdeles viktig med eit godt samspel mellom landbruket og reiselivet. For å få dette til vil Granvin herad vidareføre arbeid med kulturlandskapsprosjekt i skulen. Kommunen ønskjer å ta vare på det biologiske mangfaldet i kommunen gjennom aktiv bruk av viltkartlegging og kartlegging av det biologiske mangfaldet i all planlegging og utbygging, opplæring og informasjon. Å ta vare på tradisjonell byggeskikk og estetikk i Granvin i all planlegging og utbygging vil vere ein del av heilskapen.

Miljøkonsekvensar av planarbeid og tiltak skal vurderast. Kunnskap om kulturminne i utmark er viktig å formidle slik at verdiane ikkje går tapt.

Infrastruktur

Betre kommunikasjonsløysingar

Konkurransedyktige lokalsamfunn

Det offentlege har hovudansvaret for gjennomføringa, og privat sektor har rolla som premissgjevar. Infrastrukturstrategiane vil bedriftene ha nytte av på tvers av bransjar. Hardanger og Voss har utfordringar knytt til nedgang i folketalet.

Betre kommunikasjonsløysingar

Næringslivet i Granvin er avhengig av effektiv lokal, regional, nasjonal og internasjonal kommunikasjon. Kommunikasjonane i og til Granvin skal medverke til ei positiv verdiskaping og sikre ein robust bustad- og arbeidsmarknadsregion. Det krev utvikling av gode kommunikasjonar mellom Voss, Granvin og dei indre kommunane i Hardanger. Granvin herad vil fokusere både på «klassisk» samferdsle og meir moderne kommunikasjon ved bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

Samferdsle

Granvin sin geografiske plassering i forhold til marknad, kunnskapssenter og offentleg tenesteyting gjer at ei strategisk utbygging av vegnettet er særskilt viktig. Det ligg store uforløyste ressursar i betring av transportvilkåra.

Det sekundære vegnettet er prega av ei rekke flaskehalsar som aukar transportkostnadene for bedriftene/landbruket. Det er difor viktig at ein i tillegg til vidare utbygging av stamvegnettet, satsar på å redusere flaskehalsane i sekundærvegnettet.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi, IKT

Utviklinga innan IKT påverkar alle økonomiske sektorar, organisasjonsstrukturar og arbeidstilhøve. Den nye teknologien opphever avstandar og legg til rette for å binde bygd og region saman på anna vis enn før. IKT gjer det mogeleg å endra organiseringa av produksjon og administrasjon. Tilgang til elektroniske nettverk vil vera eit viktig konkurransefôrtrinn for næringslivet i tida frametter. Denne strategien skal konsentrere seg om kommunikasjonsdelen av IKT. I denne planperioden vil Granvin herad prioritere eit tenleg elektronisk kommunikasjonsnett for alle. Det vil krevje samordning av nettutbyggjarane sine aktivitetar. Elektronisk samhandling og kommunikasjon må ta utgangspunkt i lokale behov og lokal aktivitet, og stimulere til auka nettaktivitet.

Konkurransedyktige lokalsamfunn

Vi lever i ei tid der individa sine eigne val av arbeids- og levestader får store konsekvensar for næringsutviklinga. Folk vil i ulike fasar i livet ha varierende interesser og ulike behov for tilbud i kvardagslivet. Utfordringa vert å skape attraktive lokalsamfunn som kan tilby interessante arbeidsplassar og gode levekår for både innbyggjarar og næringsliv.

Utkantregionen Voss, Granvin og Hardanger har utfordringar som ungdomsflukt, nedgang i folketalet og behov for omstilling i dei tradisjonelle næringane.

Her vil tiltak som kan medverke til at bedriftene får stabil og kvalifisert arbeidskraft og som gjer lokalsamfunna meir attraktive for einskildindivid, særleg unge menneske vere avgjerande. Granvin ser på regionen som heilt avgjerande for arbeid og næringsutvikling. Granvin herad vil likevel ta godt imot nyetablerarar. Kommunen skal legge til rette for at det blir etablert arbeidsplassar og verksemder i Granvin.

Det vil her og vere strategisk riktig å legge størst vekt på tiltak knytt til nyskaping og omstilling i det tradisjonelle næringslivet.

Granvin herad skal kunne tilby næringsareal til interessentar. Dette kan finne si løysing gjennom interkommunal arealdisponering.

6. SAMARBEID (kostra 100, 120)

Granvin ynskjer å framstå som eit moderne lokalsamfunn som er både trygt, triveleg, livleg og utfordrande.

Dette handlar om å få til felles handling og skapa relasjonar basert på tillit mellom dei som bur her. Det at folk er aktive i meir enn ein sosial organisasjon og dermed kan vere i stand til å bringe med seg kunnskap og dugleik frå den eine lokale arenaen til den andre, medverkar til både tryggleik og kreativitet. Granvin er eit samfunn med høg sosial kapital (sosial kapital = tillit + samarbeidsevne) og kommunen skal i framtida gjera sitt for å halde på dette. Det betyr at kommunen må legge til rette for eksistensen til dei frivillige organisasjonane, tilgang på møteplassar, faste dugnader, kafear og bygdehus.

Reell medverknad er vesentleg for trivsel og livskvalitet. Gjennom samarbeid vert det skapt "eigarskap" til det som faktisk skjer i bygda vår.

Den politiske organiseringa i Granvin er endra. Dei tradisjonelle hovudutvala er no borte og dei folkevalde arbeidar i komitear med ulike prosjekt. Kor mange komitear som til ei kvar tid er aktive er avhengig av kva utfordringar heradet til ei kvar tid har. Dei politiske komiteane legg sjølve opp til i kva form og kor stor medverknad og samarbeid dei ønskjer med/frå dei private aktørane i marknaden. Ulike lag og organisasjonar, næringsdrivande og einskildpersonar vert inviterte til dialog og samarbeid avhengig av kva tema det vert arbeid med.

Det moderne kommunikasjonsverktøyet i dag er internett. Granvin herad vil derfor utvikla si eiga webside slik at dialogen med innbyggjarane vert enklare og dermed meir nytta.

Samarbeid om velferdstenestene.

Granvin herad har etablert ein to nivå organisasjon. Det er lagt vekt på at avgjerder skal takast på nivå nærast mogleg brukarane. God dialog mellom brukarane av dei kommunale tenestene og dei tilsette i kommuneorganisasjonen er nøkkelen til samhandling.

Granvin herad vil legge til rette for kommunikasjon og informasjon gjennom kommunen sin eigen nettstad. Nyhende, spesielle hendingar og anna nyttig informasjon vert vektlagd. Det er eit mål for kommunen å få innbyggjarane i Granvin og andre til å bruke nettstaden som kommunikasjonskanal mot folkevalde og administrasjon.

I Granvin er det semje om at ein del tenester må løysast i eigen kommune. Kjernetenester som skule, barnehage og eldreomsorg er grunnleggjande behov som bør produserast mest mogeleg lokalt. Vidare vil kommunen ta initiativ til å utvikle samarbeid over kommunegrensene på ei rekke fagområde. Dette gjeld landbrukstenester, tekniske tenester, planarbeid, miljøarbeid, administrasjon og støttefunksjonar, næringsarbeid, helsetenester m.m. Føremålet med dette er å sikre innbyggjarane i Granvin robuste tenester på dei områda der kommunen er sårbar og risikoutsett. Ved samarbeid vert kommunen mindre sårbar og me får eit større fagmiljø.

VEDLEGG

LISTE OVER PLANAR OG RAPPORTAR I GRANVIN HERAD:

Planar etter plan- og bygningslova:

Kommunedelplan for hytter i Olastølsområdet og Folkedalsfjellet, 1999
Trafikksikringsplan for Granvin herad, kommunedelplan 2002-2015
Hovudplan for vassforsyning, kommunedelplan 1999
Kommunedelplan for avfall 2000-2003, 1999 (vert rullert 2004)
Anlegg og område for idrett og friluftsliv

Reguleringsplan for Kvanndal, 1969
Reguleringsplan for Røynstrand, 1977
Reguleringsplan for Lussandstølen hyttefelt, 1992
Reguleringsplan for skytebane Kollanes, 1994
Reguleringsplan for Framitun, 1999
Reguleringsplan for Eide, 2003
Reguleringsplan for rv 13 Øvre Granvin – Voss grense, 2002/2004

Bebyggelsesplan for Frigardslia hyttefelt, 2000
Bebyggelsesplan for Olastøl hyttefelt, 2001
Bebyggelsesplan for Kongstun hyttefelt, 2001
Reguleringsplan for gnr/bnr 130/7 Hamre, 2002
Bebyggelsesplan for Koldemyrdokkje hyttefelt, 2002

Andre planar/rapportar:

Geodataplan 1997-2001, 1996
Arkivplan, 1999 (er meld inn til interkommunalt arkiv for rullering)
Kartlegging av naturtypar i Granvin, 2000/2001
Strategisk næringsplan for Granvin, 2000
Alkoholpolitisk handlingsplan, 2000 (vert rullert 2004)
Rehabiliteringsplan, 2000
Byggjeskikk i Granvin og Ulvik, 2001
Planar for kriseleiinga i Granvin, (beredskapsplan vert rullert 2004)
Hovudplan veg, 2003
Opptrappingsplan for psykisk helse 2004-2006
Plan for helsemessig og sosial beredskap i Ulvik og Granvin, 2003
Landbruksplan for Granvin, 2004
Plan for den kulturelle skulesekken, 2004
Disposisjonsplan for Tveito og Hausgardane
Områdetakst skogbruk, 2000